

Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Digerneset Næringspark aust - gbnr. 531/176 og 100 mfl. - Høyring i råda**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Ingrid Rekdal Hjelle
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 23/6947
Journalpost: 26/84277

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
022/26	Eldrerådet	02.09.2026
031/26	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	02.09.2026
	Ungdomsrådet	

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Saksgang:

Saka går til dei tre medverknadsråda for uttale.

Eventuelle merknadar vil bli vurdert og lagt fram for planutvalet til 2. gongs behandling/sluttbehandling.

Samandrag:

Planutvalet vedtok i møte 24.6.2026 å legge forslaget til detaljregulering ut på høyring.

Formålet med reguleringa er å legge til rette for næringsverksemdar, lager- og logistikkfunksjonar, samt tilhøyrande kontorareal og parkering. Ikkje detaljhandel.

Merknadsfristen er sett til 14.9.2026.

Saksopplysningar:

Planforslaget legg til rette for ei utviding på omlag 79,6 dekar av eksisterande næringsområde på Digerneset. Ein dekar tilsvarar tusen kvadratmeter.

I gjeldande kommunedelplan for Skodje, er området avsatt til næringsformål, og planforslaget er i hovudsak i tråd med overordna plan.

Det blir lagt opp til fleire næringsbygg med krav om utforming og plassering som harmonerar med eksisterande bygg i næringsområdet. Det blir samstundes regulert inn samanhengande gang- og sykkelveg gjennom det nye planområdet, med tilknytning til eksisterande gang- og sykkelvegnett og kollektivterminal. Planforslaget gir grunnlag for vidare utvikling av Digerneset som næringsområde og regionalt knutepunkt.

Det er utarbeida planprogram og konsekvensutgreiing for temaene naturmangfald, helse og klimagassutslipp. Utgreiingane viser at planen vil gi negative konsekvensar særleg knytt til terrenginngrep, tap av myrareal og inngrep i natur. Avbøtande tiltak er foreslått gjennom vegetasjonssoner, omsynssone for vern av naturmiljø, krav til overvasshandtering og bestemmelse om støy, støv og lys. Det er lagt vekt på å avgrense ulemper i anleggs- og driftsfasen for nærliggende bustadar og fritidsbusetnad.

Vedlagt ligg nokre av dokumenta til høyringa. Komplette materiale finn de på heimesida til Ålesund kommune: [Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Digerneset Næringspark aust - gbnr. 531/176 og 100 mfl. - Ålesund kommune](#)

Under her ser ein korleis utvidinga er tenkt. For meir utgreiande opplysningar, sjå saksbehandlar sitt saksframlegg til planutvalet, som ligg som vedlegg 2.



Oversiktskart

▲ Nord - Ikkje i målestokk



Grunnkart med planområdet avgrensning markert i rødt

▲ Nord - Ikkje i målestokk

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

Vedlegg:

1. 1. Høyringsbrev
2. 2. Vedtak og saksframlegg - 1. gongs behandling
3. 3. Planbeskrivelse
4. 4. Planbestemmelser
5. 5. Plankart
6. 6. ROS-analyse
7. 7. Planprogram
8. 8. Konsekvensutredning - Naturmangfold
9. 9. Konsekvensutredning - Helse
10. 10. Konsekvensutredning - Klimagassutslipp
11. 11. Trafikkvurdering
12. 12. Illustrasjonsplan
13. 13. Notat barnetrakkregistreringer Valle skole
14. 14. Referat oppstartsmøte 7.3.2022
15. 15. Merknader i sin helhet